

## Blomeplukking på privat område

06.04.2010



Vegskråningen ved Haugland akkurat no! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det klårt finaste vårblomebedet i Uskedalen er det inntil fylkesvegen på Haugland. No er det i ferd med å visa seg frå si vakraste side.**

**Men det er tydelegvis viktig å presisera at det er privat og at ein ikkje utan vidare kan forsyna seg av blomane.**

Arne Terje Haugland hadde nemleg måndag ei opplevning han ikkje set pris på.

Ikkje berre parkerte det ein bil i oppkjørselen hans, ein av passasjerane gjekk også i gang med'å plukka blomar i vegskråningen medan ho vart fotografert.

- Hvis folk vil ha blomar må dei få tak i dei ein annan stad og på ein annan måte. Til dømes har vi ein fyrsteklasses blomebutikk her i bygda, seier Arne Terje til uskedalen.no

(Foto: Ola Matti Mathisen)